

SML

Protokoll frå møte i Styret for miljø og landbruk

Møtestad: Kommunestyresalen, sal 2
Møtedag: Fredag 22.08.03
Møtet varte: 11.00 til 15.00
Det vart gjort vedtak i sakene: 32-52/03
Desse sakene vart referert: 33
Møteleiar: Svein Henriksen

Av dei faste medlemene møtte:

Svein Henriksen, Eivind Aasmundtveit, Aslaug Flatland, Torleiv Fjalestad,
Vidar Skarprud, Hans Kristian Aabø og Karl Emanuel Riis.

Desse møtte ikkje:

Karl E. Riis forlot møtet kl. 13.45, var med å fatte vedtak i sakene 32-41/03

Frå adm. møtte: Sektorleiar Anne Aasmundtveit og fagkonsulent Gro H. Vestgarden

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2003/1708	Doknr.: 17
Mottatt: 28 AUG 2003	ASR/JUR
Saksbeh.: VSG	Ark.: 40
Kopi:	Antal:

Rett utskrift, 25.08.03

Gro Heidi Vestgarden
Gro Heidi Vestgarden

KVITSEID KOMMUNE

MØTEBOK FOR UTVAL: Styret for miljø og landbruk

SAKSNR: 40/03

MØTEDATO: 22.08.03

SAKSHANDSAMAR: Heidi Jønholt

ARKIV: Perm lovsaker landbrukskontoret

HØYRING

Landbruksdepartementet har til høyring: **forslag til nye reglar om overføring av mynde til kommunen og ny forskrift om sakshandsaming i kommunen**

VEDLEGG:

- 1) Høyringsskriv delegering av mynde/ forskrift
- 2) Gjeldande delegeringsreglement frå LD til kommunen og andre instansar (M- 9/2001)
- 3) Konesjonslov
- 4) Jordlov

FAKTISKE TILHØVE:

Landbruksdepartementet har til høyring 1) forslag til nye reglar om overføring av mynde til kommunen, fylkeslandbruksstyret, fylkesmannen, Statens Landbruksforvaltning og Bergvesenet etter konsesjonslov, jordlov, odelslov og skogbrukslov og 2) ny forskrift om sakshandsaming mm i kommunen i saker vedkomande konsesjonslov, jordlov, odelslov og skogbrukslov.

Mynde til kommunen:

Overføring av mynde gjer at kommunen kan gjere vedtak i alle saker vedkomande delingssaker og konsesjonssaker. Med unnatak av saker som gjeld verneskog- grenser skal og avgjersler med heimel i skoglova takast i kommunen. Ny lov om konsesjon har kome til stortinget og det kan kome nye endringar (priskontroll o.l.). Desse endringane vil bli implementert etter at det er gjort endeleg vedtak og vert ikkje omtala her.

SAKSHANDSAMAR SI VURDERING:

- 1) § 23 konsesjonslov (attendetrekking av konsesjon mm)

I ein del konsesjonssaker stadfestar kommunen misleghald av konsesjonsvilkår med omsyn til frådeling av areal, buplikt, driveplikt o.l. Etter stadfesting sender vi i dag saka til avgjersle av fylkesmannen/ fylkeslandbruksstyret. Fylkesmannen har ein jurist som vurderer vilkåra som er sett. Dette er saker som vert tidkrevjande å følgje opp for kommunen. Sakshandsamar kjem og i ei form for dobbeltrolle då det fyrst skal stadfestast om det er misleghald før han/ ho i neste runde skal avgjere om dei argumenta han/ ho sjølv har brukt er gyldige. Sakshandsamar ser det likevel som ein fordel at slike saker avgjerast lokalt. Det vil kunne medføre at slike saker vert raskare avgjort. Fylkesmannen/ fylkeslandbruksstyret er framleis ankeinstans.

2) Forskrift:

Kommunen er ikkje lenger pålagt å bruke Ajour i sakshandsaminga! Det vil kome eit nytt krav om elektronisk dataformat for statistikk (fastsettast av LD ved seinare høve).

Krav til jord- og skogfagleg kompetanse er føreslege oppheva i samband med krava som opphevast i ny konsesjonslov (jf. Ot. Prp. Nr 79 (2002- 2003)). Forslaget er ikkje handsama av Stortinget, men vert fremja uavhengig av utfall av konsesjonslov. Det vil kunne svekke saker at det ikkje lenger er krav til jord- eller skogfagleg bakgrunn til den som skal vurdere søknadene. På kommunenivå er det andre oppgåver ein og skal løyse på eit landbrukskontor og sakshandsamar ser på det som ei svekking å ta vekk krav til fagleg bakgrunn.

Heving av arealgrensa for konsesjonsplikt gjer at talet på konsesjonssøknader vil gå ned i dei fleste kommunar.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING V/ STYRESEKRETÆREN:

Styret for miljø og landbruk har ingen merknader til overføring av mynde til kommunen eller forskrift om sakshandsaming i kommunen. Kommunen vert fyrste instans i ei rad saker der kommunen tidlegare gav tilråding til vedtak.

FRAMLEGG I MØTET:

Framlegg frå Svein Henriksen

Styret for miljø og landbruk vil åtvare sterkt mot å fjerne kompetansekravet til jord og skogbrukssjef ved overføring av mynde til kommunane.

Styret for miljø og landbruk meiner det må tildelast ekstra pengar i samband med reformen.

RØYSTING:

Framlegget frå jordbrukssjefen: 0 røyster

Framlegget frå Svein Henriksen, samrøystes.

SML SITT VEDTAK:

Styret for miljø og landbruk vil åtvare sterkt mot å fjerne kompetansekravet til jord og skogbrukssjef ved overføring av mynde til kommunane.

Styret for miljø og landbruk meiner det må tildelast ekstra pengar i samband med reformen.

VIDARE EKSPEDISJON TIL:

Landbruksdepartementet, Avdeling for skog- og ressurspolitikk,
Postboks 8007 Dep, 0030 Oslo.